

## Vedlegg 1 - Kravspesifikasjon

Sekretariatsteneste for kontrollutvala er lovfesta i Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova), <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83?q=kommuneloven>


Kontrollutvalets verksemd går fram av kommunelovas kapittel 23.

Regelverket har i liten grad definert konkret kva oppgåver som skal leggst til sekretariatet. Men det går fram av kommunelova § 23-7 at sekretariatet skal sjå til at dei saker som blir handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia og at utvalet sine vedtak blir iverksett. Dette er krav til alle sekretariat.

Det er likevel variasjon i kva oppgåver ulike sekretariat gjer og legg vekt på. i hovudsak innehar ei eller fleire av dei tre rollene, *administrator*, *sakshandsamar* eller *utgreingar*.

*Leverandør må følgje NKRF sin «Veileder for god skikk og praksis for kontrollutvalgssekretariatene», her blir ansvaret for rådgjeving og koordinering også framheva.*

### **Under er ei oversikt over breidda i oppgåver som sekretariatet må kunne tilby Møre og Romsdal fylkeskommune:**



### **Krav til målform**

Møre og Romsdal fylkeskommune har nynorsk som vedtatt målform, det er eit krav at leverandør må kunne beherske nynorsk skriftleg i utføringa av sitt arbeid.

### **Relevant kunnskap, informasjonsinnhenting og oppdatering**

Føresetnadar hjå leverandør:

- nødvendig kunnskap om fylkeskommunal forvaltning.
- har eller raskt tileignar seg og held ved like nødvendig kunnskap om den fylkeskommunale forvaltninga i Møre og Romsdal fylkeskommune og på tenesteområda generelt og spesielt.
- Tilstrekkeleg juridisk-, økonomisk- og forvaltningskompetanse til å støtte krava til sekretariatsfunksjon slik dei går fram av kommunelova.

### **Kontaktperson og fagmiljø**

Leverandør må gje opp ein kontaktperson for oppdraget. Det er føresett at leverandør skal tilby ein fast kontaktperson til kontrollutvalet, men òg ha tilgang til eit fagmiljø, og vere tilstrekkeleg personell- og kompetansemessig robust til å tilby tenester til kontrollutvalet uavhengig av sjukdom/vakansar mv.

### **Påbegynte oppdrag ved utløp av avtala**

Påbegynte oppdrag ved utløp av denne avtala skal fullførast i medhald av kontraktsvilkåra etter denne avtalen.